



KYSTVERKET

Informasjon til naboar av Stad skipstunnel i Kjøde og Moldefjorden

Stad
SKIPSTUNNEL | DEN NYE SJØVEGEN



Stadhavet er truleg det mest vêrutsette og farlegaste havstykket vi har langs norskekysten, og hovudmålet med Stad skipstunnel er derfor å sikre ein tryggare og meir føreseieleg seglas forbi Stad.

Kort info om prosjektet

I 2021 vedtok Stortinget at Stad skipstunnel skal byggast, og Kystverket fekk det utførande oppdraget. Tunnelen skal byggast der Stad-halvøya er på det smalaste, mellom Moldefjorden og Kjødpollen, i Vanylvsfjorden.

Sjølve byggeprosjektet skal utførast av ein hovud-entreprenør. Det kan bli byggestart hausten 2024.

LENGDE

1700 m

for sjølve tunnellopet.

2200 m

med entringskonstruksjonar på begge sider.

AREAL PÅ TVERRSNITT

1661 m²

ESTIMERT BYGGETID

Ca. 5 år

HØGDE MELLOM BOTN OG TAK

50 m

BREDDA MELLOM VEGGANE I TUNNELEN

36 m

SEGLINGSHØGDE

33 m

VOLUM UTTAK FAST FJELL

Ca. 3 millionar kubikkmeter, som svarar til ca. 5,4 millionar kubikkmeter sprengt fjell.




Foto: iStock

Støy og ulemper i anleggsperioden

Kystverket ønsker å gjennomføre anleggsarbeidet med minst mogleg ulemper for de som bur i området. Men med så store fjellmassar som skal sprengast og fraktast ut av tunnelen, er det dessverre ikkje mogleg å gjennomføre prosjektet utan at nærområdet blir utsett for støy, støv og andre ulemper.

Kor mykje støy det blir, og kor langt den vil bere, er det vanskeleg å seie noko eksakt om. Men det er gjort støyberekningar og ein skal sette inn støyreducerande tiltak.

Kystverket set krav i konkurransegrunnlaget om at entreprenøren set opp støymålarar, har støyreducerande tiltak for anlegg og maskiner, har særskilt varsling av spesielt støyande arbeid og har tett kommunikasjon med naboar, med meir. Vegar og nærmiljø skal følgast opp fortløpande, og skal bli haldt i skikkeleg stand (reinhold, utbetringar ved skade etc).



Støyberekningar

Multiconsult har berekna støyen frå bygg- og anleggsarbeid for bygginga av Stad skipstunnel. Støybelastninga er vurdert og det er utarbeida ein støyrapport, med støysonekart, etter grenseverdiar gitt i overordna støyretningslinjer, T-1442/2021.¹

Bygningstype	Støykrav på dagtid (LpAeq12h 07-19)	Støykrav på kveld (LpAeq4h 19-23) eller søn-/heilagdag (LpAeq16h 07-23)	Støykrav på kveld (LpAeq8h 23-07)
Bustadar, fritidsbustadar, sjukehus, pleieinstitusjonar	60	55	45

Tabellen viser tilrådde støygrenser i høve T-1442/2021 for bygg- og anleggsverksemd for Stad skipstunnel, i desibel.


Det er strengare støykrav på kveld/heilagdagar og ikkje minst om natta, enn det er på dagtid. Samstundes vil det vere mest støy når ein arbeidar på utsida av tunnelen (driftsfase 1), litt mindre dei første 100-200 meterane av tunnelen (fase 2), medan det vil vere lite støy ved arbeid langt inn i tunnelen (fase 3).

Fleire detaljar finn ein i rapporten «Luftstøy frå bygg- og anleggsvirksomhet, 28. juni 2022». Denne rapporten, med fleire kart og detaljar, er tilgjengeleg på www.kystverket.no/skipstunnel – søk på støyrapport.


Entreprenør vil bli pålagt å sette inn støyreducerande tiltak, slik at støyen frå dei ulike støykjeldene i størst mogleg grad kjem under retningslinjene i T-1442/2021. Ved lengre periodar med vedvarande støy om natta kan det bli aktuelt å tilby eksternt overnatting.

Støykjelder kan vere:


- Gravemaskiner i lause og harde massar
- Hjullastarar i lause og harde massar
- Lastebilar/dumparar/lektarar for bortkøyring av massar
- Boring og sprenging
- Pigging og spunting av store steinar
- Transportband
- Tipping av steinmassar
- Tunnelvifter



¹ Klima- og miljødepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen (T-1442/2021).



Karta viser støysoner der det kan bli overskriding av støyretningslinjene i fase 1, om ein ikkje set inn støyreduserande tiltak. Fleire kart finst i støyrapporten.



Kontakt prosjektgruppa til Kystverket på e-post:
stad.skipstunnel.nabokontakt@kystverket.no
eller tlf. 457 22 240

Ein får alltid informasjon om prosjekt Stad skipstunnel på www.kystverket.no/skipstunnel. Vi tilrår at ein melder seg på det månadlege nyheitsbrevet (på e-post) om prosjektet.

Nabokontakt er eit ekstra informasjonstilbod for deg som bur nær skipstunnelen – i Moldefjorden eller Kjødepollen.



Nyheitsbrev

Du får nyheter, tips, informasjon om status på ferdsels- og miljøprosjektet Stad skipstunnel, og informasjon om aktuelle saker som berører ferdsels- og miljøprosjektet Stad skipstunnel.

Dette er et nyheitsbrev fra Kystverket, for dem som vil ha informasjon om Stad skipstunnel-prosjektet. Målet er at dette skal være en informasjonskanal for lokalbefolkningen og andre som er interessert i prosjektet.

Nyheitsbrevet er abonnementsbasert, og tar senest ut per e-post.

Mye av det vi omtaler vil du finne på våre nettsider, men vi vil altså med dette gjøre det enklere å finne de sakene som angår deg. Det kan kanskje være lurt å følge med på kystverket.no, ettersom vi fortløpende vil legge ut alt av nyheter og utvikling for prosjektet der.

Nyheitsbrevet vil være månedlig, men vi vil også bruke nyheitsbrevet til å få ut informasjon i forbindelse med perioder der det er mye som skjer.

Prosjektleder Terje Skjeppestad

Terje Skjeppestad er Kystverkets prosjektleder for gigantprosjektet Stad skipstunnel. Terje har bred erfaring som prosjektleder for store prosjekter, og kommer til Kystverket fra stilling som prosjektleder innen olje og gass i Siemens Energy.

[LES MER](#)

Hva har skjedd i det siste?



Ansvarleg for kommunikasjon og samfunnskontakt Sveinung Nedregotten og prosjektleiari Terje Skjeppestad, i prosjekt Stad skipstunnel.

Nabokontakt

Kystverket legg vekt på å ha ein aktiv og open kommunikasjon med alle som er interessert i og som vert påverka av prosjekt Stad skipstunnel. Særleg er det viktig for oss å ha ein tett dialog med naboane til skipstunnelen – de som bur tett på og som blir direkte råka av (anleggs)arbeidet i tunnelen. Derfor har vi etablert konseptet «Nabokontakt», med eigne kontaktpunkt, informasjonskanalar og varslingsrutinar – som denne informasjonsbrosjyra er ein del av.



Kven som fell under Nabokontakt definerast av støysonene i nemnte støyrapport/ støyprognose. Alle husstandar i støysonene definerast inn under Nabokontakt, og skal føljlust ekstra tett opp. Vi ønsker å ha tett og god dialog med dykk før anleggstart, undervegs og etter at tunnelen er ferdig. Ikkje nøl med å ta kontakt!



Tunnelområde i Moldefjorden. Illustrasjon: Kystverket/Multiconsult/LINK arkitektur.

Vi har tru på at vi gjennom tidleg dialog kan finne gode løysingar på støyutfordringar, men og andre utfordringar som kan oppstå ved å ha eit så stort prosjekt tett innpå seg. Vi ønsker mellom anna å kartlegge og kome i dialog om:

- Kva tenker de om utfordringane de får i samband med støy m.m. frå bygginga av Stad skipstunnel?
- Er det særskilde behov vi må ta omsyn til?
- Kome i dialog om avbøtande tiltak
- Tal og alder på bebuarar i husstanden
- Dobbeltsjekk kontaktopplysingar (telefon, e-post m.m.)

Vi vonar at vi samstundes kan gjere det enklare for dykk å ta direkte kontakt med oss på eit seinare tidspunkt om de har noko på hjartet.

Sjølvs om vi i Kystverket kjem til å setje krav til entreprenøren om støyreduserande tiltak, varslingar og generelt ha god kommunikasjon med naboar og andre, er det alltid vi som byggherre som har det overordna ansvaret. Vi skal vere tett på og vere lett å få kontakt med.



KYSTVERKET

Kontakt

Prosjektgruppa til Kystverket på e-post:
stad.skipstunnel.nabokontakt@kystverket.no
eller tlf. 457 22 240
www.kystverket.no/skipstunnel

Forsideillustrasjon: Kystverket/Multiconsult/LINK arkitektur